



Radøy kommune
5936 MANGER

postmottak@radoy.kommune.no

15. november 2013

**Gnr. 27 bnr. 12
FLØHOLMEN AS
Framlegg til reguleringsplan for næringsområde og småbåthamn.**

Eg viser til brev frå Radøy kommune, datert 12. november 2013, ref. 10/1089-89/
13/11443/L12, 27/12/KFL (vedlagt).

Kommunen skriv :

.....I arbeidet med reguleringsplan for Fløholmen har det i prosessen komme på krav om at planområdet må utvidast. Det har skjedd etter merknad i frå Statens vegvesen og i vedtak fatta av politisk utval. Radøy kommune ventar på oppdatert planmaterieill i tråd med dette før saka vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

Eg legg ved brev herifrå av 11. og 13. september 2013 til kommunen med kopi til Fylkesmannen i Hordaland.

Etter mi vurdering står saka no slik :

1. Søknad om dispensasjon frå krav om reguleringsplan vart avslagen av plan- og miljøutvalet, med tilvising til plankrav spesifisert i kommuneplanen.
2. Plankravet er såleis heimla i kommuneplanen
3. Planområdet vert då å avgrensa i samsvar med kommuneplanens krav
4. I fall det i samband med offentleg ettersyn vert fremja motsegn frå styresmakt med slik kompetanse (til dømes Statens vegvesen), vert saka å handtera etter det regelverket som gjeld i slike tilfelle
5. Dersom plan- og miljøutvalet, etter eiga vurdering, finn at det må fastsetjast eit rekkjefølgjevilkår om opparbeiding av fortau langs den 700 m lange fylkesvegarmen før planlagt tiltak (småbåthamn) kan gjennomførast, må utvalet innstilla på dette ovafor kommunestyret, med klagerett for Fløholmen AS

6. Dersom Fløholmen AS ikkje får medhald i klagesak, lyt verksemda vurderer om ein skal iverksetja planlegging og bygging av fortau i eigen regi og for eiga rekning, eller venta til veghaldar (fylkeskommunen) sjølv utfører arbeidet.

Eg vil kommunen avklara korleis plan- og bygningslova - og kommuneplanen - skal vera å forstå og forvalta, om nødvendig ved at saka vert lagt fram for kommunestyret.

Med helsing



*Kopi : Fløholmen AS, 5937 BØVÅGEN, v Håkon Zachariassen, post@floholmen.no
Fylkesmannen i Hordaland, postmottak@fmho.no*

Vedlegg : 3 brev.